

Arbeidsdeltaking blant hjelpemiddelbrukarar

Av SIGURD GJERDE¹

SAMANDRAG

Tema for artikkelen er brukarar av hjelpemiddel for personar med funksjonsnedsettingar i aldersgruppa 18–66 år, og i kva grad denne gruppa har arbeid, har stønad frå NAV, eller har kombinasjonar av desse. Vi samanliknar denne gruppa med befolkninga generelt i tilsvarende aldersgrupper. Vi ser spesielt på bruk av arbeidsavklaringspengar (AAP), uførestønad og alderspensjon eller avtalefesta pensjon (AFP).

Mange hjelpemiddelbrukarar er ressurssterke og har ikkje særlege problem i arbeidslivet. 39 prosent av hjelpemiddelbrukarane i alderen frå 18 til 66 år var i arbeid per juli 2011. Ein stor del av desse har redusert arbeidstid, og kombinerar ofte arbeid og stønader. Både for mottakarar av AAP og uførepensjon ser vi at hjelpemiddelbrukarane likevel litt mindre grad kombinerer stønad med arbeid enn tilfellet er i befolkninga generelt.

Ein langt høgare del av hjelpemiddelbrukarane har uførestønad og arbeidsavklaringspengar enn tilfellet er i befolkninga. Blant hjelpemiddelbrukarane er stønadsmottakarane gjennomgåande yngre enn blant stønadsmottakarar generelt. Dei kjem tidlegare enn andre inn på stønadsordningane. Blant brukarane mellom 62 og 66 år er det færre som har AFP eller alderspensjon, fordi de allereie frå tidlegare i stor grad har uførepensjon.

Den høge delen med uførepensjon og arbeidsavklaringspengar blant hjelpemiddelbrukarane kan i nokon grad vere skjult arbeidsløyse. Personar med funksjonsnedsetting kan møte ulike barrierar mot deltaking i arbeid, negative haldningar, fysiske hindringar eller store kostnader ved tilrettelegging.

INNLEIING – PROBLEMSTILLING

I Regjeringa sin jobbstrategi for personar med nedsett funksjonsevne er det understreka at alle skal ha høve til å delta i arbeidslivet, ut frå eigne evner og ressursar (Arbeidsdepartementet 2011). Gjennom denne strategien skal det leggjast til rette for eit mangfaldig arbeidsliv med plass til alle. Personar med nedsett funksjonsevne er ein til dels uutnytta arbeidskraftressurs. Prinsippet om samfunnsmessig likestilling og universell utforming skal ligge til grunn.

I denne artikkelen ser vi nærmare på brukarar av hjelpemiddel for personar med funksjonsnedsetting i aldersgruppa 18–66 år. Tema er i kva grad denne gruppa har arbeid, har stønad frå NAV, eller har kombinasjonar av desse. Vi samanliknar denne gruppa med befolkninga generelt i tilsvarende aldersgrupper. Vi ser spesielt på dei som har arbeidsavklaringspengar, uførestønad og alderspensjon eller avtalefesta pensjon (AFP). I den grad vi kan finne stor forskjell mellom hjelpemiddelbrukarane og befolkninga kan det tolkast

som viktige ulikskapar også i vidare forstand, som levekår og livssituasjon, og når det gjeld situasjon på arbeidsmarknaden. Vi tenker her ikkje berre på å ha eit arbeid men også å ha muligheit for val og høve til å gjere karriere i arbeidslivet, dvs. å skaffe seg stillingar med høgare inntekt og status.

Vårt datagrunnlag omfattar dei som har fått tilgang til hjelpemiddel gjennom hjelpemiddelsentralane. Hjelpemiddelbrukarar er i prinsippet ingen spesiell gruppe i seg sjølv. Dei er så pass ueinsarta som gruppe at dei kanskje ikkje har nokon felles trekk, bortsett frå å ha eit eller fleire utlånte hjelpemiddel. Dei har likevel ei eller anna form for nedsett funksjonsevne, oftast fysisk, jf. faktaboks med definisjonar. Svært mange grupper med funksjonsnedsetting har ikkje spesielle behov for hjelpemiddel. Det vil variere ut frå arten av funksjonsnedsetting. Hjelpemiddelbrukarane er dermed ikkje representative for alle med funksjonsnedsetting.

Vi kan sjå på kombinasjonar av arbeid og stønader som ein måte for personar med funksjonsnedsetting å tilpasse seg i samfunnet, aktivitetmessig og inntektsmessig. I mange tilfelle kan fulltidsarbeid vere for belastande. Redusert arbeidstid kan i mange tilfelle vere ei god

¹ Takk til Ole Christian Lien for hjelp til programmering.

Definisjonar

Nedsett funksjonsevne – eit misforhold mellom individet sine føresetnader og omgjevnaden sine krav. Funksjonsnedsetting kan vere av fysisk, psykisk eller sosial art. (Sjå elles drøftingar omkring definisjonane i NOU 2001: 22 Fra bruker til borger, og i NOU 2010: 5, Aktiv deltaking, likeverd og inkludering).

Grunnlag for stønad til hjelpemiddel – personar som på grunn av sjukdom, skade eller lyte har vesentleg og varig innskrenka alminneleg funksjonsevne har rett til stønad når det blir sett på som nødvendig og hensiktsmessig for å betre evna til ha arbeid eller å klare gjere mål i dagleglivet.

Hjelpemiddel – Ein gjenstand som reduserer eit praktisk problem (NOU 2010: 5).

Registrerte hjelpemiddelbrukarar – alle som på eit tidspunkt har eit aktivt utlån av hjelpemiddel, uavhengig av når dei har fått dei.

Betjente hjelpemiddelbrukarar – alle som i løpet av ein tidsperiode, vanlegvis eit år, har fått utlån av hjelpemiddel.

løysing. På den andre sida kan bruk av stønader og redusert arbeidstid også vere ei form for skjult arbeidsløyse, i den grad ordninga ikkje er frivillig.

NEDSETT ARBEIDSEVNE OG NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Omgrepet nedsett arbeidsevne blir i NAV nytta i det praktiske arbeidet, om personar som av ulike grunnar har vanskar med å komme seg i arbeid eller tilbake i arbeid. Dei fleste som er registrert med nedsett arbeidsevne har arbeidsavklaringspengar, men ein del har andre stønader som sjukepengar, kvalifiseringsstønad eller uførepensjon. Kriteriet er at personen på grunn av sjukdom, skade eller lyte har redusert inntektsevne, og at det er gjort ei arbeidsevnevurdering der konklusjonen er at arbeidsevna er såpass redusert at det vil krevje betydeleg innsats av brukaren og av NAV for å kunne komme i arbeid.

Dette omgrepet skil seg frå omgrepet nedsett funksjonsevne. Hjelpemiddelbrukarane er ikkje utan vidare i gruppa med nedsett arbeidsevne. Medan omgrepet nedsett funksjonsevne set fokus på personen sine fysiske eller psykiske føresetnader for å imøtekomme krav til funk-

sjon i arbeid og i dagleglivet, vil omgrepet nedsett arbeidsevne fokusere på trekk ved personen som gjer det vanskeleg å skaffe eller halde på inntektsgjevande arbeid.

Det vil vere naturleg å rekne alle hjelpemiddelbrukarar som ein del av gruppa med nedsett funksjonsevne, sjølv utan å ha nedsett arbeidsevne. Det er likevel samanfall mellom gruppene. Inngangsvilkår for å få stønad til hjelpemiddel er varig nedsett funksjonsevne. Men mange av hjelpemiddelbrukarane er ressurssterke og har ikkje spesielle vanskar på arbeidsmarknaden.

FUNKSJONHEMMA PÅ ARBEIDSMARKNADEN

I fylgje arbeidskraftundersøkinga (AKU) til SSB for 2008 har om lag 17 prosent av befolkninga i alderen 15–66 år ei funksjonsnedsetting, ut frå definisjonen fysisk eller psykisk helseproblem av meir varig karakter som kan medføre hindringar i det daglege liv (SSB 2009). Prosenten er høgare for kvinner enn for menn (19 mot 15 prosent), og prosent blir høgare med høgare alder. Samla gjeld dette, i flg. SSB, ca. 555 000 personar. I tilsvarande aldersgruppe blant hjelpemiddelbrukarane er det 155 079 personar. Definisjonen som er nytta omfattar langt fleire grupper enn dei som vanlegvis brukar hjelpemiddel. Det kan gjelde til dømes psykiske problem og lettare funksjonsvanskar som ikkje krev spesielle tiltak.

Om lag 79 prosent av alle med funksjonsnedsettingar i den aktuelle aldersgruppa har større eller mindre avgrensingar for kva slags type arbeidsoppgåver dei kan utføre, sjølv med eventuelle hjelpemiddel og tilpassing av arbeidsplass. Av alle med funksjonsnedsettingar som er sysselsett er det 67 prosent som har slike avgrensingar. Ca. 55 prosent av dei sysselsette har fått arbeidsplassen tilpassa, i form av endring i arbeidsoppgåver, endring i arbeidstid eller fysisk tilrettelegging av arbeidsplass.

Av alle med funksjonsnedsetting er 45 prosent sysselsett i inntektsgjevande arbeid (ca. 251 000 personar), medan 3 prosent var arbeidsledige (2. kvartal 2008). Av dei ikkje-sysselsette er det 31 prosent som ønskjer arbeid dersom det var høve til det. Dei fleste av desse er ikkje registrert som arbeidssøkande. 47 prosent av dei sysselsette med funksjonsnedsetting arbeider deltid. Av dei sysselsette med funksjonsnedsetting er det ca 40 prosent som kombinerar med stønader.

HJELPEMIDDELBRUKARAR I ARBEID

39 prosent av hjelpemiddelbrukarane i aldersgruppa 16–66 år er i arbeid. Til samanlikning er 45 prosent av alle med funksjonsnedsetting sysselsette, jfr SSB sitt materiale.

Datagrunnlag

Vi har henta ut registerdata frå utgangen av 2008 og frå juli 2011, som inneheld alle brukarar som på dei aktuelle tidspunkta er registrert med utlån av hjelpemiddel frå hjelpemiddelsentralane. Det gjeld i overkant av 400 000 personar. Ein stor del av desse er i aldersgruppa 67 år og over, eller barn og unge under 18 år. Desse gruppene har vi ikkje teke med vidare i framstillinga.

Brukarar i alderen 18–66 år er i hovudfokus her, fordi desse er aktuelle for å kunne vere i arbeid, eller ha stønader som uføretrygd eller arbeidsavklaringspengar. I den aldersgruppa har vi nær 158 000 brukarar. Data for desse er sidan kopla mot andre register i NAV. Vi har her nytta uføreregister, AAP-register, pensjonsregister og inntektsregister.

Tabell 1.

Talet på registrerte aktive hjelpemiddelbrukarar pr juli 2011, fordelt på kjønn og alder.

	I alt	Kvinner	Menn	Brukarar i prosent av befolkninga
0–17 år	41 938	15 518	26 420	3,7
18–24 år	27 152	9 576	17 576	5,9
25–39 år	29 651	14 437	15 214	3,0
40–66 år	100 991	61 978	39 013	5,8
67–79 år	75 016	44 955	30 061	17,3
80 år og over	128 432	90 828	37 604	58,0
Totalt	403 180	237 292	165 888	8,1

Data gir oss dermed omfattande informasjon om dei aktuelle brukarane, i tillegg til kjenneteikn som kjønn og alder får vi informasjon om talet på og varigheit av utlån, og type hjelpemiddel utlånt. Ved bruk av andre kjelder har vi opplysningar om brukarane sin situasjon på arbeidsmarknaden, bruk av stønader, gjennomsnittlig arbeidstid per veke, og kombinasjonar av arbeid og stønader. Vi nyttar tilsvarende data om befolkninga generelt som eit samanlikningsgrunnlag.

Data syner kven og kor mange som har stønader, ikkje kvifor dei har stønader eller kva arena hjelpemidla skal brukast. Vi kan ikkje i denne omgang belyse i kva grad hjelpemidla har vore eit vilkår for å skaffe arbeid, eller kor stor nedsetting av funksjonsevna ein har, eller om dei kunne vore i arbeid og eventuelt redusert stønaden om det vart lagt betre til rette for det. Vi kan difor ikkje evaluere hjelpemiddelinnsetning i høve til sysselsetting.

Årsakene til at hjelpemiddelbrukarane har ein lågare sysselsettingsgrad enn personar med funksjonsnedsetting generelt kan vere at mange av hjelpemiddelbrukarane har større funksjonsvanskar enn mange av dei andre gruppene som inngår i SSB sine undersøkingar. Mange som opplever ei funksjonsnedsetting som ei hindring i det daglege liv, kan ha lettare funksjonsproblem som ikkje krev bruk av hjelpemiddel.

Fordelinga av hjelpemiddelbrukarar i arbeid på kjønns- og aldersgrupper går fram av tabell 2. Blant dei yngre som har arbeid er det mange skuleelevar og studentar, som i varierende grad har deltidsarbeid eller sommarjobb ved sida av studiane. Vi vil anta at hjelpemiddelbrukarar med større eller mindre funksjonsvanskar vil ha større problem med å finne slike tilfeldige jobbar, fordi arbeidsgivar ikkje vil ta kostnader ved spesiell tilpassing, eller at jobbane i seg sjølv stiller krav til funksjonsnivå.

Skilnaden i sysselsettingsgrad er likevel større i dei andre aldersgruppene. I aldersgruppa 40–66 år er sysselsettingsgraden berre ca. halvparten av befolkninga gene-

relt. Dette har å gjere med aukande bruk av stønader blant hjelpemiddelbrukarane i desse aldersgruppene. Av desse går ein stor del over på arbeidsavklaringspengar og uførepensjon relativt tidleg.

Blant hjelpemiddelbrukarane har menn ei høgare sysselsettingsgrad enn kvinner. Dette er tydelegast i dei yngre aldersgruppene. Menn har også høgare sysselsettingsgrad i befolkninga generelt, men med unntak for dei yngste aldersgruppene.

Tabell 3 syner fordeling av arbeidstid per veke. Ein større del av hjelpemiddelbrukarane har korttidsarbeid, dvs. under 20 timar arbeid per veke enn det vi ser i befolkninga. Dette gjeld ca. 28 prosent av hjelpemiddelbrukarane, mot ca. 15 prosent i befolkninga. Delen som har tilnærma fullt arbeid, dvs. 31 timar i veka eller meir er tilsvarende mindre for hjelpemiddelbrukarane.

Som vi kan sjå av tabell 3, så er det betydeleg forskjell mellom kjønna når det gjeld full eller redusert arbeidstid, både blant hjelpemiddelbrukarar og i befolkninga. Blant kvinner generelt har ein stor del arbeidstid på 30 timar

Tabell 2.

Prosentdel registrerte hjelpemiddelbrukarar 18-66 år som har arbeid per juli 2011, fordelt på kjønn og alder, samanlikna med befolkninga.

	Blant hjelpemiddelbrukarane			I befolkninga		
	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
18-24 år	43,2	39,6	45,2	53,8	54,7	53,0
25-39 år	49,0	45,8	52,0	72,8	70,3	75,3
40-66 år	35,1	34,8	35,6	68,7	68,4	69,0
I alt	39,1	37,2	41,4	67,9	67,0	68,7
Talet på personar	61 725	31 979	29 746	2 166 160	1 047 176	1 118 984

eller mindre per veke. Blant hjelpemiddelbrukarane er dette på nærare 56 prosent av dei som er i arbeid. I befolkninga generelt gjeld dette for ca. 42 prosent av kvinnene. For menn er denne delen blant hjelpemiddelbrukarar på ca. 25 prosent, og i befolkninga på ca. 13 prosent.

Det er eit generelt trekk i samfunnet at kvinner i større grad har redusert arbeidstid, og dette gjenspeglar seg også i tabell 3. Blant årsakene må vere at kvinner oftare enn menn tek ansvar for familie, pleie- og omsorgsoppgåver. For hjelpemiddelbrukarar kjem denne faktoren i tillegg til belastningar som funksjonsnedsetting ofte fører med seg.

Kombinasjon av arbeid og stønader kan tenkast å vere gunstig tilpassing, blant hjelpemiddelbrukarar og eventuelt i andre grupper. Ein har sikra inntekt samtidig som belastninga ved å vere i arbeid vert redusert. Ein har likevel kontakt med arbeid, kollegaer og kan framleis ha den statusen som gjerne følgjer med det å vere i arbeid.

Tabell 4 syner hjelpemiddelbrukarar som har kombinasjon av stønader og arbeid. Samla utgjer det 10 prosent av alle hjelpemiddelbrukarar i dei aktuelle aldersgruppene. Det utgjer også ca. 25 prosent av alle hjelpemiddelbrukarar i arbeid. Delen som har kombinasjon av stønad og arbeid er høgst for mottakarar av arbeidsavklaringspengar.

BRUK AV STØNADER OG KOMBINASJON MED ARBEID

Vi har sett at ein vesentleg del av hjelpemiddelbrukarane i arbeid har redusert arbeidstid (tabell 3). Vi må vente at ein stor del av desse kombinerer arbeid med stønader, enten uførepensjon, arbeidsavklaringspengar, AFP eller alderspensjon.

Bruk av arbeidsavklaringspengar og kombinasjon med arbeid

Av alle registrerte brukarar av hjelpemiddel er det om lag 19 800 personar, dvs. 13 prosent, av brukarane som har arbeidsavklaringspengar. Vi ser av tabell 5 at ein langt større del av brukarane har arbeidsavklaringspengar enn i befolkninga.

Tabell 3

Hjelpemiddelbrukarar 18-66 år som har arbeid per juli 2011, etter arbeidstid per veke, samanlikna med tilsvarende aldersgruppe i befolkninga. Prosent.

	Blant hjelpemiddelbrukarane			I befolkninga		
	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1-10 timar	9,5	11,6	7,3	5,6	7,5	3,9
11-20 timar	18,7	25,7	11,0	9,4	13,9	5,1
21-30 timar	12,7	18,6	6,3	12,0	20,1	4,3
31 timar eller meir	59,2	44,1	75,4	73,0	58,4	86,7
Sum	100	100	100	100	100	100
Talet på personar	61 725	31 979	29 746	2 166 160	1 047 176	1 118 984

Tabell 4.

Talet på hjelpemiddelbrukarar 18-66 år med stønad eller kombinasjon av arbeid og stønad per juli 2011.

	Berre stønad	Kombinasjon stønad og arbeid	Sum
Arbeidsavklaringspengar	15 294	4 508	19 802
Uførepensjon	61 639	9 998	71 637
AFP eller alderspensjon	1 198	749	1 947
Sum	78 131	15 255	93 386
Prosentdel av alle hjelpemiddelbrukarar 18–66 år	49,5	9,7	59,2

Det er ei stor overvekt av yngre blant hjelpemiddelbrukarane på arbeidsavklaringspengar. Hovudtyngda er i aldersgruppa 25–39 år. I denne aldersgruppa har ein av fem hjelpemiddelbrukarar arbeidsavklaringspengar. Vi kjenner ikkje årsakene til dette spesielt. Det kan ha å gjere med at funksjonsnedsettinga for mange er ein reell belastning i forhold til å vere i arbeid. For dei yngre hjelpemiddelbrukarane kan det vere vanskeleg å komme inn i fulltidsarbeid, Fysiske hindringar, og ikkje minst negative haldningar hos arbeidsgjevarar m.v. kan bidra til dette, og kan føre med seg at brukarane mister trua på seg sjølv og eigen kompetanse.

Hjelpemiddelbrukarane som har arbeidsavklaringspengar er dermed gjennomgåande yngre enn det som er tilfellet generelt i befolkninga, der det er aldersgruppene over 40 år som er flest.

Det er eit fleirtal kvinner blant dei som har arbeidsavklaringspengar, også større enn i befolkninga. Overvekta av kvinner blant hjelpemiddelbrukarar på arbeidsavklaringspengar er størst i aldersgruppa 25–39 år, men den er til stades i alle aldersgruppene. Forskjellen er minst blant dei eldre hjelpemiddelbrukarane, noko som er overraskande fordi langt fleire kvinner enn menn i

alderen 40–66 år er hjelpemiddelbrukarar. Men her kan forklaringa vere at ein større del av kvinnene går over på uførepensjon.

Tabell 6 syner prosentdelen av hjelpemiddelbrukarane med arbeidsavklaringspengar, som kombinerer dette med arbeid. Det gjeld nær 23 prosent av desse, medan blant alle mottakarar av arbeidsavklaringspengar er det 27 prosent som kombinerer med arbeid. Skilnaden er dermed ikkje så stor. Skilnaden er også mindre i dei yngre aldersgruppene. Her er det rett nok eit fåtal som har stønad kombinert med arbeid. Blant desse kan det vere vanlegare å ha full stønad eller å kombinere med utdanning, i staden for kombinasjon med arbeid.

Uførepensjon – uføregrad

Blant hjelpemiddelbrukarane i aldersgruppa 18–66 år er det 45 prosent som har uførepensjon (tabell 7). Delen er aukande med alderen, og dei klart fleste har 100 prosent uføregrad (tabell 8). I befolkninga generelt i dei same aldersgruppene har 9 prosent uførepensjon.

I dei yngste aldersgruppene i befolkninga generelt er det fleire menn enn kvinner på uførepensjon. For hjelpe-

Tabell 5.

Prosentdel registrerte hjelpemiddelbrukarar som mottar arbeidsavklaringspengar per juli 2011, fordelt på kjønn og alder, samanlikna med befolkninga.

	Blant hjelpemiddelbrukarar			I befolkninga		
	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
18–24 år	10,6	13,1	9,3	2,8	3,1	2,6
25–39 år	20,4	25,7	15,3	5,7	6,9	4,6
40–67 år	10,8	11,8	9,0	5,9	7,2	4,6
I alt	12,5	14,3	10,4	5,4	6,5	4,3
Talet på personar	19 802	12 303	7 499	172 003	101 990	70 013

Tabell 6.

Prosentdel registrerte hjelpemiddelbrukarar i aldersgruppa 18-66 år som har arbeidsavklaringspengar per juli 2011, og kombinerer dette med arbeid, fordelt på kjønn og alder, samanlikna med tilsvarande del blant alle som har AAP.

	Blant hjelpemiddelbrukarar			Blant alle med AAP		
	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
18–24 år	10,8	10,6	10,9	11,9	13,1	10,5
25–39 år	19,2	20,5	17,2	20,9	23,2	17,5
40–67 år	27,9	29,2	25,2	31,4	34,3	27,1
I alt	22,8	24,7	19,6	26,5	29,2	22,5
Talet på personar	19 802	12 303	7 499	172 003	101 990	70 013

middelbrukarane er det motsatt. Her er det betydeleg fleire kvinner som får uførepensjon. Dette gjenspeglar det vi såg i tabell 2, med prosentdel menn og kvinner i arbeid for denne aldersgruppa.

For aldersgruppa 40–66 år finn vi i befolkninga generelt store kjønnsforskjellar, med betydeleg fleire kvinner med uførepensjon enn menn. For hjelpemiddelbrukarane er delen med uførepensjon langt høgare, men kjønnsforskjellen er vesentleg lågare. For denne aldersgruppa blant hjelpemiddelbrukarane ser vi altså ein sterk overgang til uførepensjon, ikkje minst blant menn. Kvinner har ein tendens til å komme tidlegare inn i stønadsordninga enn menn. Blant hjelpemiddelbrukarane skjer det same, berre i yngre alder.

Blant hjelpemiddelbrukarane som har uførepensjon er det 87 prosent som har uføregrad 100 prosent (tabell 8). Blant dei yngste er det nesten ingen med redusert uføregrad. Når desse får uføregrad 100 prosent så er det gjerne openbart at brukaren ikkje har vesentleg arbeidsevne. For dei yngre er det rimeleg at utdanning og arbeid, eventuelt arbeidsavklaringspengar, blir forsøkt først. Når ulike alternativ for arbeid er utprøvd kan det avklarast om brukaren kan arbeide fullt

eller redusert. Det er først i dei eldre gruppene at vi finn spesielt mange med redusert uføregrad.

Vi vil anta at dei med redusert uføregrad kombinerer dette i stor grad med arbeid. Hjelpemiddelbrukarar som har redusert uføregrad utgjer til saman 9 044 personar. Samtidig finn vi 9 998 personar blant brukarane med kombinasjon arbeid og uførepensjon. Det må bety at ein del personar har arbeid samtidig med 100 prosent uføregrad. For desse er det ei grense for inntekt utover uførestønaden på 1 G per år for at uføregraden ikkje skal bli endra.

I tabell 10 ser vi prosentdelane som har kombinasjonar arbeid og uførepensjon. Delen er jamt over litt lågare blant hjelpemiddelbrukarar men skilnaden er ikkje spesielt stor i nokon av aldersgruppene. I begge gruppene er det mest vanleg blant kvinner å ha ein slik kombinasjon.

Bruk av AFP / alderspensjon og kombinasjon med arbeid

Personar i alderen 62–66 år kan kombinere arbeid med AFP, og frå 1. januar 2011 også med alderspensjon. Vi har

Tabell 7.

Prosentdel registrerte hjelpemiddelbrukarar som har varig uførepensjon per juli 2011, fordelt på kjønn og alder, samanlikna med tilsvarande del i befolkninga.

	Blant hjelpemiddelbrukarar			I befolkninga		
	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
18–24 år	11,9	14,1	10,7	1,0	0,8	1,1
25–39 år	25,5	25,8	25,2	2,1	2,1	2,1
40–66 år	60,3	62,6	56,6	15,1	18	12,4
I alt	45,4	51,0	38,7	9,1	10,6	7,6
Talet på personar	71 637	43 841	27 796	300 610	172 911	129 624

Tabell 8.

Uføregraden blant hjelpemiddelbrukarar som har uførepensjon, samanlikna med alle i befolkninga med uførepensjon. Prosent.

	Blant hjelpemiddelbrukarar			Blant alle i befolkninga		
	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
Under 50 prosent	0,4	0,4	0,3	0,4	0,4	0,4
50–69 prosent	8,7	10,5	5,7	12,9	16,0	8,8
70–99 prosent	3,6	3,9	3,1	4,6	4,9	4,2
100 prosent	87,4	85,2	90,8	82,1	78,6	86,6
Sum	100	100	100	100	100	100
Talet på personar	71 637	43 841	27 796	300 610	172 911	129 624

sett på kor stor del dette gjeld, blant både hjelpemiddelbrukarane og i befolkninga generelt. Dette går fram av tabell 11.

Tabell 11 syner at ein klart lågare del av hjelpemiddelbrukarane er i arbeid eller kombinerer arbeid med pensjon, samanlikna med befolkninga generelt. Det gjeld både kvinner og menn.

Blant hjelpemiddelbrukarane er det menn som i hovudsak kombinerer arbeid og pensjon. Klart fleire kvinner i denne gruppa har uførepensjon.

Kategorien «ingen av delane» omfattar i hovudsak dei som har uførepensjon. Ein langt større del av hjelpemiddelbrukarane har uførepensjon i denne aldersgruppa enn i heile befolkninga.

KONKLUSJONAR

39 prosent av hjelpemiddelbrukarane i aldersgruppene 18–66 år er i arbeid. Ein stor del av desse har redusert arbeidstid. Dei har i stor grad kombinasjonar av arbeid og stønader. Både for mottakarar av arbeidsavklaringspengar

og uførestønad ser vi at hjelpemiddelbrukarane i mindre grad kombinerer stønad med arbeid enn tilfellet er i befolkninga generelt.

Som vi har sett har ein langt høgare del av hjelpemiddelbrukarane uførestønad og arbeidsavklaringspengar enn i befolkninga generelt. Blant hjelpemiddelbrukarane er stønadmottakarane gjennomgåande yngre enn blant stønadmottakarar generelt. Dei kjem tidlegare enn andre inn på stønadsordningane. Blant brukarane mellom 62 og 66 år er det færre som har AFP eller alderspensjon, fordi de allereie frå tidlegare i stor grad har uførepensjon.

Den høge delen som har uførepensjon og arbeidsavklaringspengar blant hjelpemiddelbrukarane kan til ein viss grad vere ei form for skjult arbeidsløyse. Dei med funksjonsnedsettingar kan møte ulike barrierar mot deltaking i arbeid, negative haldningar, fysiske hindringar eller store kostnader ved tilrettelegging. Mange av hjelpemiddelbrukarane har ikkje nedsett arbeidsevne. Mange er ressurssterke og har ingen særskilte problem på arbeidsmarknaden.

Andre grupper blant hjelpemiddelbrukarane kunne vere i arbeid dersom arbeidsplassen blir tilpassa, med

Tabell 9.

Uføregrad blant hjelpemiddelbrukarar som har uførepensjon, fordelt etter alder. Prosent.

	18–24 år	25–39 år	40–66 år	Sum
Under 50 prosent	0,1	0,2	0,4	0,4
50–69 prosent	0,6	5,4	9,5	8,7
70–99 prosent	0,2	2,1	4,0	3,6
100 prosent	99,1	92,2	86,2	87,4
Sum	100	100	100	100
Talet på personar	3 227	7 554	60 856	71 637

Tabell 10.

Prosentdel registrerte hjelpemiddelbrukarar i aldersgruppa 18-66 år med uførepensjon som kombinerer med arbeid, fordelt på kjønn og alder, samanlikna med tilsvarande del blant alle som har uførepensjon.

	Blant hjelpemiddelbrukarar			I befolkninga		
	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
18–24 år	3,6	3,1	3,9	4,1	3,9	4,1
25–39 år	11,0	11,3	10,7	12,7	13,7	11,8
40–67 år	14,9	16,3	12,4	18,2	20,9	14,5
I alt	14,0	15,5	11,6	17,6	20,3	14,1
Talet på personar	9 998	6 785	3 213	52 962	34 727	18 235

Tabell 11.

Prosentdel registrerte hjelpemiddelbrukarar i alderen 62-66 år som har alderspensjon, AFP, er i arbeid eller har ein kombinasjon, fordelt på kjønn, samanlikna med tilsvarande del i befolkninga.

	Blant hjelpemiddelbrukarar			I befolkninga		
	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
Berre alderspensjon / AFP	4,6	2,9	7,3	14,2	10,6	17,8
Alderspensjon / AFP i kombinasjon med arbeid	2,9	1,4	5,2	9,9	6,0	13,7
Berre arbeid	16,8	17,1	16,5	32,3	34,4	30,1
Ingen av delene	75,6	78,7	71,0	43,7	48,9	38,5
Sum	100	100	100	100	100	100
Talet på personar	25 890	15 617	10 273	285 909	142 300	143 609

omsyn til arbeidstid, adkomst, arbeidsoppgåver og fysisk tilrettelegging. I SSB sitt materiale går det fram at 31 prosent av dei ikkje-sysselsette med funksjonsnedsetting ønska arbeid dersom dei fekk høve til det. Vi har ingen grunn til å tru at delen blant hjelpemiddelbrukarane som ønskjer arbeid vil avvike mykje frå dette.

REFERANSER

Arbeidsdepartementet: *Jobbstrategi for personer med nedsatt funksjonsevne*. Vedlegg til Prop 1 S (2011-2012).

Borg, Elin (2008). «Funksjonshemming og arbeidsmarkedet». *Tidsskrift for velferdsforskning* nr. 2 2008.

Bråthen, Magne og Vetvik, Kristoffer (2011) «Personer med nedsatt arbeidsevne – hvem er de?» *Arbeid og velferd* nr 1/2011.

Bø, Tor Petter og Håland, Inger: *Funksjonshemma på arbeidsmarknaden*. Statistisk sentralbyrå, rapport nr 2009/10.

NOU 2001: 22, Fra bruker til borger.

NOU 2010: 5, Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering.

Statusrapport 07. Samfunnsutviklingen for personer med nedsatt funksjonsevne. Nasjonalt dokumentasjonssenter for personer med nedsatt funksjonsevne, 2007.